

Årsmelding 2012

3. DRIFTSÅRET

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad
Organisasjonsnr: 996 124 789

STYRANDE ORGAN 31. DESEMBER 2012

GENERALFORSAMLING:

Medlem kundevald:

Ingvill Gåsemyr Sæberg	Dimmelsvik	Leiar
Torgny Nundal	Husnes	Nestleiar
Brynjulf Lie	Herøysundet	
Terje Eikemo	Utåker	
Kjell Yri	Uskedalen	
Ingvald Nedrevåg	Seimsfoss	
Else E Miljeteig	Åkra	
Ann Helen Langmo	Rosendal	
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	
Øystein Hellesøy	Løfallstrand	
Magnhild Haugland	Uskedalen	
Steinar Haugan	Valen	
Kjersti Bondhus	Mauranger	
Kristian Hus	Husnes	
Hans Jakob Berge	Ølve	

Medlem kommunevald:

Jostein Grov	Uskedalen
Øyvind Lernes	Rosendal
Steinar Prestnes	Valen

Varamedlem kundevald:

Ann Kristin Næss	Varaldsøy
Jan Martin Skaaluren	Valen
Oddvar Eikenes	Husnes
Lars Arne Revne	Ølve
Frank Søllesvik	Dimmelsvik
Lise Christensen Sætrevik	Rosendal

Varamedlem kommunevald:

Trude Tveitnes	Rosendal
Ole Torbjørn Holmedal	Utåker

STYRE:

Medlem

Svein Arne Eidsvik	Herøysundet	Leiar
Frøydis Sjø Fjellhaugen	Matre	Nestleiar
Synnøve Solbakken	Valen	
Jorunn K. Nordtveit	Valen	

Varamedlem

Olav Ulvenes	Ølve
Gaute Lund	Dimmelsvik
Kjell Yri	Uskedalen

VALNEMND:

Medlem

Ingvill Gåsemyr Sæberg	Dimmelsvik	Leiar
Kjell Yri	Uskedalen	
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	
Lars Arne Revne	Ølve	
Kjersti Bondhus	Mauranger	

Om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Bakgrunn

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa 1. november 2010 med forretningskontor i Kvinnherad Kommune. Forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank og representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank gjorde i møter den 28. juni 2010 vedtak om at dei interesser, som bankane representerte, ville vera best tente med at sparebankverksemda i Kvinnherad Sparebank vart overteken og vidareført gjennom SpareBank 1 SR-Bank, og at Kvinnherad Sparebank etablerte ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Kvinnherad Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til ålmennyttige føremål.

Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalta eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 SR-Bank.

Stiftinga skal i tillegg plassera midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkasting.

Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til ålmennyttige føremål.

Ved disposisjonane sine skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Ved verksemda si skal stiftinga støtta SpareBank 1 SR-Bank i deira vidareføring av sparebanktradisjonane.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ein kvar tid fylgjar av regelverket for sparebankstiftingar.

Kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på 350 000 000 kroner.

Grunnkapitalen var på 330 000 000 kroner fordelt på 6 069 934 eigenkapitalbevis i SpareBank 1 SR-Bank, kvart pålydande kroner 25,-. I tillegg til dette vart stiftinga tilført eit kontantbeløp på 20 000 000 kroner frå SpareBank 1 SR-Bank.

Grunnkapitalen vart gjennom vedtektsendring i generalforsamlinga 19. juni 2012 sett ned til 151 748 350 kroner fordelt på 6 069 934 aksjar, kvar pålydande kr 25 i SpareBank 1 SR-Bank ASA

Styret si årsmelding for 2012

Aktivitetar i 2012

Aktivitetane i året 2012 kan samanfattast følgjande hovudpunkt:

- Emisjon i SpareBank 1 SR-Bank ASA
- Kapitalnedsetjing og vedtektsendring i stiftinga
- Utarbeiding av nye og revidering av eksisterande styringsdokument
- Utarbeiding og iverksetjing av internkontrollsystem i stiftinga
- Skattespørsmålet i stiftinga
- Handsaming av 164 søknader og utdeling av 74 gåver på til saman 3,8 millionar kroner

Generalforsamlinga har hatt 3 møter og styret 20 møter i 2012.

Kapitalnedsetjing 2012

Etter handsaminga av årsrekneskapet for 2011 hadde stiftinga på grunn av store nedskrivingar av aksjane i SpareBank 1 SR-Bank eit u-dekka underskot på kr 61 347 830. Generalforsamlinga gjorde difor i møtet 19.06.2012 følgjande samrøystes vedtak:

1. Det vert etablert ny kapitalstruktur i SpareBank 1-Stiftinga Kvinnherad der den bundne eigenkapitalen (grunnkapitalen) skal utgjera kr 151 748 350 som er lik pålydande verdi kr 25 av dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga mottok på skipingstidspunktet. Resten av eigenkapitalen utgjør opptent eller annen eigenkapital.

2. Ny kapitalstruktur vert etablert ved at grunnkapitalen vert sett ned med kr 178 251 650 frå kr 330 000 000 til kr 151 748 350.

3. Av det beløp som grunnkapitalen vert sett ned med skal kr 61 347 830 dekkja underskot (udekka tap) som ikkje kan dekkjast på annan måte, jf. finvl. § 2d-4 (3) bokstav a og kr 116 903 820 skal overførast til annen eigenkapital. Dette beløpet skal disponerast i samsvar med finvl. § 2d-4 (3) bokstav b.

4. Stiftinga sine vedtekter § 1-3 skal ved gjennomføring av vedtaket ha følgjande ordlyd:

"§ 1-3 Stiftinga sin kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på kr 350 000 000. Grunnkapitalen er på NOK 151 748 350 fordelt på 6 069 934 aksjar, kvar pålydande kr 25 i SpareBank 1 SR-Bank ASA. I tillegg er stiftinga tilført eit kontantbeløp på NOK 20 000 000."

5. Vedtaket skal leggjast fram for Finanstilsynet for godkjenning og meldast til Føretaksregisteret og Stiftingsregisteret. Vedtaket trer i kraft ved utløpet av kreditorfristen i samsvar med asal. § 12- 6, jf. finvl. § 2d-4 (3). «

Finanstilsynet ga sitt løyve til kapitalnedsetjinga og vedtektsendringa i brev datert 12.07.2012. Kapitalnedsetjinga vart registrert i og kunngjort av Brønnøysundregistra 12.12.2012

Emisjon 2012

SpareBank 1 SR-Bank ASA gjennomførde våren 2012 ein føretrinnrettsemisjon.

Stiftinga ønskte ikkje å nytta frie midlar i emisjonen, men tok del ved å selja ein del av dei tildelte teikningsrettane og nytta deretter salsinntektene til å teikna nye aksjar.

Stiftinga kjøpte såleis 156 649 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012.

Kostpris for desse var 4 229 523 kroner medan marknadsverdi ved årsskiftet var 5 866 505 kroner.

Resultatrekneskapet

Rekneskapet syner eit driftsresultat på minus 2 197 776 kroner.

Resultatet i året vart minus 9 898 176 kroner etter finansinntekter og nedskriving av verdien på finansielle anleggsmiddel.

Dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga tok i mot ved skipinga hadde opphavleg samla verdi 330 000 000 kroner. Finansuroa i Europa førte til at også dei norske eigenkapitalbevisa fekk svært store verdifall i 2011. Marknadsverdien av våre eigenkapitalbevis vart såleis redusert med 80 829 209 kroner til 249 170 791 kroner i 2011.

SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå eigenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap (ASA). Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart eigenkapitalbevis vi eigde.

Marknadsverdien av aksjane vart i 2012 redusert med 21 851 763 kroner til 227 319 028 kroner ved siste årsskiftet. Denne reduksjonen må først fullt ut til frådrag i resultatrekneskapet for 2012 og er årsaka til det negative resultatet i året.

Stiftinga fekk i 2012 utbetalt 9 104 901 kroner i utbytte frå SpareBank 1 SR-Bank ASA for 2011. Stiftinga vart også tilført 4 354 531 kroner gjennom sal av tildelte teikningsrettar og garantiprovisjon ved emisjonen i SpareBank 1 SR-bank ASA. Stiftinga hadde i tillegg renteinntekter på 717 181 kroner.

Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet 257 113 925 kroner, noko som er ein nedgang på 13 387 817 kroner frå 270 501 742 kroner ved utgangen av 2011. Dette skuldast nedskrivinga av eigenkapitalbevisa.

Grunnkapitalen er 151 748 350 kroner. Årsresultatet, minus 9 898 176 kroner, er ført mot annan eigenkapital som etter dette er 45 403 734 kroner.

Gåvefondet er no 57 882 910 kroner. Dette er inklusiv løyvinga på 2 500 000 kroner til utdeling våren 2013 og 81 000 kroner udisponerte frå løyvinga for hausten 2012.

Hovuddelen av kapitalen er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga eig 6 069 934 aksjar tilført ved skipinga til kostpris 330 000 000 kroner.

Marknadsverdi var ved årsskiftet 227 319 028 kroner. Resultatført verdiendring er no totalt minus 102 680 972 kroner.

Stiftinga kjøpte 156 649 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012.

Kostpris for desse var 4 229 523 kroner medan marknadsverdi ved årsskiftet var 5 866 505 kroner. Resultatført verdiendring er her 0 kroner.

Styret kan ikkje selja av dei aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA som vart tilført ved skipinga og såleis høyrer til grunnkapitalen, utan etter vedtak i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

Likviditeten til stiftinga er god.

Gåveutdelingar i 2012

Styret i stiftinga handsama våren 2012 67 søknader om til saman 7,5 millionar kroner i gåver.

Det vart gjeve 33 gåver, i sum 1,3 millionar kroner

Styret i stiftinga handsama hausten 2012 97 søknader om til saman 9,5 millionar kroner i gåver.

Det vart gjeve 41 gåver, i sum 2,419 millionar kroner.

Oversyn utdelte gåver våren 2012 og hausten 2012 er del av denne årsmeldinga.

Tilsette

Stiftinga har hatt dagleg leiar tilsett i 50 % stilling fram til 30.09.2012, deretter i 60 % stilling.

Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kest Eiendom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes.

iDrift AS er engasjerte som leverandør av IT-tenester, både utvikling og drift.

Tveit Regnskap AS er engasjert som lønskantor og rekneskapsfører.

Deloitte AS er engasjert som revisor. Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.

Indre og ytre miljø

Stiftinga har hatt dagleg leiar tilsett i 50 % stilling fram til 30.09.2012, deretter i 60 % stilling.

Det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet. Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Framtidsutsikter

Den urolege økonomiske situasjonen i Europa vil også i 2013 påverka oss her i Noreg.

Ei sak som i stor grad kan påverka økonomien til stiftinga er dei norske styresmaktene sine annonserte krav til kapitaldekning i bankane.


Forslaga inneheld langt strengare krav enn dei som gjeld i dag og vil truleg vera på nivå med dei strengaste i Europa. Sjølv om norske banker gjennom dei seinare åra allereie har starta å tilpassa seg, er det klart at dei står framføre ei stor trong for oppkapitalisering.


Dette vil kunna føra til enno sterkare reduksjon i utbyte frå bankane og nye emisjonar.


SpareBank 1 SR-Bank ASA har no delt ut utbyte til stiftinga for 2012 med 9 339 875 kroner.

Utviklinga i økonomien i Europa og Noreg, og at SpareBank 1 SR-Bank ASA kan halda fast på utbytopolitikken sin også for året 2013, vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.

Husnes 23.05 .2013
Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Styrenestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn K Nordtveit
Styremedlem


Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

Gåvetildelinger frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad våren 2012

Orgnr	Namnet til laget / organisasjonen	Kva_vert_prosjektet/tiltaket_kalla?	Tildelt kr
893863362	Lauvsprett 4H	Oppgradering av kontorutstyr	5 000
985359091	Hatlestrand og Ølve Skyttarlag	Utviding av skive kapasitet på utandørsanlegget.	40 000
994736957	Husnes mållag	Nynorskbøker til barnehagar i Kvinnherad	5 000
985292353	Herøysund Bygdalag	Opprusting av Herøysund grendahus	50 000
974249138	IL Trio	Oppgradering av kjøkken i Triohuset	80 000
983647472	Husnes skulekorps	Seminar og festkonsert for alle skulekorpse ne i Kv	50 000
974249138	Idrettslaget Trio	Førstehjelp ved akutt skade.	30 000
974249138	Idrettslaget Trio	Fast dekke Husnes stadion	100 000
982716276	Kvinnherad Golfklubb	Grønn Glede - Golf for utsette grupper	30 000
992682655	InteresseforeningenHøylandsbygd Bedehus	Teleslynge til Bedehuset.	20 000
993539678	Baugstranda Bygdalag	Energisparing og handikapinngang	20 000
991252983	Nordrepollen Grendahus	Grendahuset Nordrepollen	50 000
993754390	Odda Ungdomslag	INVENTAR	20 000
983771645	Rosendal Turnlag	Toaletbygg Rosendal Idrettspark	150 000
997226763	Foreninga Rosendal Idretts-og fritidspark	Oppføring av apejungel	30 000
993414840	Rosendal Musikklag	Instrumentkjøp for Rosendal Musikklag	100 000
988338559	Judo Klubb Stord	Klubbutvikling	40 000
997713486	Sandvoll Historielag	Renovasjon av Sandvoll Gamle Skule	50 000
994894285	Kvinnherad Senioruniversitet	Audiovisuelt utstyr til møtegjennomføring.	30 000
896569112	Stord svømming	instruktørkurs tre ner	10 000
983470343	Stord Bordtennisklubb	Innkjøp av høgtalaranlegg	22 000
993808784	SUNDE INDREMISJON	Innvendig oppussing av småsal og storsal.	25 000
986585125	Sunde Kyst- og Litteratursenter	Prosjektor for utstillingar, samlingar og seminar.	20 000
996462307	Halsnøy Storbånd	Fornyng av PA anlegg	10 000
986223983	Hardanger Fjellklyvarlag/Tyssedal Røde Kors	Trolltunga Klatrepark	60 000
986034153	Uskedal Ungdomslag	Nytt sanitæranlegg i ungdomshuset Helgheim	75 000
991272399	Utåker Bygdalag	Bok om Utåkerbygda og omland.	20 000
975654338	SUNNHORDLAND KAMMERORKESTER	Folke musikkprosjekt	16 000
890834752	Valen ride og kjøreklubb	At me kan ivareta dei unge	40 000
995396246	Ølve Mållag	Nynorske bøker til lese glede for born .	32 000
993405280	Åkra bygdalag	Bade plass ved Buo kafè	20 000
976994744	Husnes og Holmedal Sokneråd	SIKVAL	30 000
993600989	Kvinnherad Handballklubb	HU-laget	20 000
TOTALSUM			1 300 000

Gåvetildelingar frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad hausten 2012

Orgnr	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Tildeling kr
893301992	Interesselaget Postvegen, Ølfernes - Herøysundet	Restaurering og vedlikehald av Postvegen	150 000
893863362	Lauvsprett 4H	Lydanlegg	20 000
962979327	Fjellhaugen Skisenter AS	Arenabygg i Fjellhaugen trinn 2 og Skileikanlegg	250 000
964967636	Kvinnherad kulturskule	Flygel til det nye kulturskulesenteret	250 000
974128225	Frelsesarmeen i Odda	Utstyr/ reiskap til Frelsesarmelokalet i Odda	20 000
974249138	Idrettslaget Trio	Fast dekke Husnes stadion m.m.	200 000
974249138	Idrettslaget Trio	Lydanlegg symjehallen.	30 000
976994744	Husnes og Holmedal sokn	Mobilt lydanlegg	20 000
979751443	Odda Musikklag	Innkjøp av instrumenter	75 000
983470343	Stord Bordtennisklubb	Oppgradering av klubblokale	37 000
983759572	Idrettslaget Ternen	Skileikarena	80 000
983771645	Rosendal Turnlag	Kjøkkenutstyr til kiosk på Rosendal stadion	30 000
983771645	Rosendal Turnlag skigruppa	Utstyr til skigruppa	52 000
984931697	Herøysundet Idrettslag	Utbedring på banen: spyd-tilløp,kulering/diskosring	20 000
985167079	Odda Idrettslag, Turngruppen	Anskaffelse av turndrakter til tropper	22 000
985257280	Rosendal Skulekorps	Uniformsgensere	27 000
985283931	Hørselshemmedes Landsforbund avd. Kvinnherad	Utlån av hørselsøre og skrukketroll	30 000
985292353	Herøysund bygdalag	Opprusting fellesområde Herøysund	70 000
987035706	Valestiftinga	Opprusting aktivitetsområdet Sagefallene	14 000
987035706	Valestiftinga	Skifting av tak på Valebuo	100 000
987301333	Høylandsbygd Bygdalag	Turveg i Tveitomarka	30 000
988338559	Judo Klubb Stord	Prosjekt "knøttejudo" for barn mellom 3 og 6 år.	30 000
989419501	Ænes Grendalag	Oppgradering av Grendahuset på Ænes	25 000
990787158	Uskedalen utvikling	Kjellaren i Gamleskolen, byggesteg 1	60 000
991056785	Omvikdalen Idrettslag	Oppstart av Bordtennis	20 000
991272399	Utåker Bygdalag	Varmepumper	24 000
991917829	AMCAR KVINNHHERAD	Oppgradering av klubblokalet inne og ute	40 000
993414840	Rosendal Musikklag	Intrumentkjøp	50 000
993461059	Matre bygdalag	Nye stolar i forsamlingshuset vårt.	50 000
993553409	Varaldsøy Misjonsforeining/Varaldsøy bedehus	Innstalera varmepumpe. Varmtvann fram til toaletta	20 000
993571148	IL Strand-Ulv	Lysanlegg ved Strand-Ulv idrettsbane	150 000
993741663	Uskedal Idrettslag (Skigruppa)	Barne- og ungdomssatsing	30 000
993877050	Stord Rockeklubb	Sunnhordlandsmeisterskap i pop og rock 2013	10 000
994581414	Rosendal songlag	Rosendal songlag - ein vital 130-åring	25 000
994736957	Husnes mållag	Song i skule og barnehage	60 000
994997491	Husnes Blandakor	30-års jubileum 2013	20 000
995399415	Kvinnherad Røde Kors lokalforeningen	Varmepumpe til Røde Kors huset på Husnes	38 000
995399415	Kvinnherad Røde Kors Omsorg	Sosial hygge og samvær for eldre og enslige	35 000
998475309	Arbeidsgruppa for Valeparken	Valeparken	150 000
998799783	Kjeldestøl venelag	Oppattbygging av Monsaselet på Kjeldestøl.	30 000
999217060	Strupebandet	Lydutstyr og kvalitetsutvikling	25 000
		IKKJE DISPONERT	81 000
		TOTALSUM	2 500 000